



SLUTT OPP, KAMERAT!



ORGAN FOR MARXIST-LENINISTANE
VED STORD GYMNAS

NR 2-1972

1. MAI-NR.

ÅRG.1

KVIFOR ME FEIRAR 1. MAI:

I 1889 sendte ein internasjonale arbeidarkongress i Paris ut ein apell om å feira 1. MAI 1889 som ein verdensproletariatets store demonstrasjonsdag. Aksjonsgrunnlaget den gang var: lovfesta 8t. arbeidsdag. Apellen fekk ei voldsom oppslutning i mange land, og i fleire land vart demonstrasjonane møtt av borgarskapet med m.a. politivold og trugslar om oppseiing for dei som deltok. I London heldt ein kvart million mennesker masse møte i Hyde Park. Friedrich Engels var ein av deltakarane. Også i fleire byar her i Noreg vart appellen følgt opp.

Vi ser at 1. MAI frå starten av har vore arbeidarklassens kampdag. Sidan den gong har sosialdemokratane og opportunistane ofte lykkast i å nytta 1. MAI til sine forræderiske formål. Men i samband med framveksten av dagens ml.-rørsle, som no er sterkare enn nokon sinne, har RØD ARBEIDARFRONT arrangementa gjenreist 1. MAI som arbeidarklassens kampdag.

RØD ARBEIDARFRONT (RAF)-TOG PÅ LEIRVIK 1. MAI.

I år vil det verta RAF-tog på STORD. Det erførste gong i historien. Dette heng saman med ML-rørsle si styrking her på øya siste året. I fjor var det RAF-tog nær 30 stader i Noreg. I år vil det verta dobla. Berre i Oslo i fjor, gjekk 5000 i RAF-tog, mot under 3000 i arbeidarpartiets tog. Vi oppfordrar elevane, ved Stord gymnas, til å gå med i toget. LAG EIGNE PAROLAR:

FRAM FOR EIN SEIERRIK 1. MAI PÅ STORD. GÅ MED I RAF-TOGET!

STODA I VERDA I DAG:

Formann Mao har sagt: "Revolusjonen er hovudetendensen i verda i dag". Er dette framleis rett? La oss sjå ikring oss: Brennpunktet for kampen mot imperialismen er i dag i Vietnam, der dei amerikanske imperialistane går mot sitt definitive nederlag. I Latin-Amerika er imperialistane også iferd med å missa sitt økonomiske og politiske fotfeste. I Afrika er folket, under leiing av frigjeringsstyrkane, i ferd med å lausriva seg i frå dei Portugisiske undertrykkjarane. I Europa ser vi dei same tendensane. I Nord-Irland fører folket vepna kamp mot den britiske undertrykkjinga.

I Spania er det stadig oppstandar mot Franko sitt fascist-diktatur, og ML-rørsle veks og der sterkare og sterkare. I Italia har ML-arane brote med Italias Kommunistiske Parti og vinn stor oppslutning. I Polen vart arbeidaropprøret i fjor, slått ned med hjelp frå den revisjonistiske herskarklikken i Sovjet. ML-partiet er også her i Polen i sterk framgang, I tillegg til dette er dei imperialistiske statane inne i ei stor økonomisk krise, som m. a. har ført til at USA måtte devaluera dollaren. EEC-landa har førebels makta å dempa virkningane av krisa, som er ein følgje av overproduksjon. Men krisa er på langt nær avslutta, Over heile verda ser vi sanninga av formann Maos ord. Dei imperialistiske kreftene, med USA som leiande representant, svekkast stadig og er i tilbaketog. Dette skjer samstundes som dei revolusjonære kreftene er i ferd med å styrkjast over heile verda.

GJER I: MAI TIL EIN KRAFTIG ANTI-IMPERIALISTISK MANIFESTASJON!

KAMP MOT USA-IMPERIALISMEN!

KAMP MOT SOVJETETS SOCIALIMPERIALISME!

STODA I NOREG I DAG:

folk I Noreg gjer dei same tendensane seg gjeldande som elles i verda. Det norske opplever dyrtid på matvarer, husleige etc. Fråflytting frå distrikta aukar også.

Monopolkapitalen legg ned bedrifter som ein lekk i EEC-førebuinga. Ymse rasjonaliserings tiltak på bedrifter og arbeidsplasser aukar arbeidspresset på det arbeidande folket. Kvinnene vert nytta som billeg arbeidskraft i likesriltte yrke. Mange kvinner vert også tvinga til å halda seg heime p.g.a. for få daginstitusjonar. Ungdommen har for lite fritidstilbod. Alle desse angrepa på folket, gjer at fleire og fleire innser det naudsynlege i å ta opp kampen mot denne utviklinga, og at ^{kun} sosialismen kan gi tryggekår. Difor har ML-rørsla i Noreg siste året gått sterkt fram. - I år ynskjer Bratteliid & co å gjera l.MAI til ein pro EEC-dag. Såleis ser vi at han allierer seg med monopolkapitalens talsmenn i Noreg. EEC-kampen går no inn i ein avgjerande fase. La oss, på l.MAI, syna Bratteliid og co. kva vi meiner.

KAMP MOT EEC! KAMP MOT MONOPOLKAPITALEN!

SLUTT OPP OM SUF(ML)!

STODA PÅ STORD GYMNAS:

Den største trugselen mot elevane og lærarane i dag er EEC. I EEC skal utdanningssystemet harmoniserast, dvs. at pensum må gjerast mest mogeleg likt i medlemslanda for å tilfredstilla prinsippet om fri arbeidsmarknad. Utarbeiding av pensum og arbeidsplanar vil difor koma til å gå føre seg ved sentraldirigerte institusjonar. Gjennom 5-dagars veka søkjer staten å skjera ned på utgifter til lønningar etc. . Pensum vil verta det same trass i at timetallet vert skore ned. Dette kan berre tyda: hardare arbeidspress for elevar og lærarar. Gjennom normerte prøvar ynskjer staten å få heil og full kontroll over utarbeidinga av lærebøkeme.

Dessutan vil det føra til ein endå "finare" gradering av karakterane. Dette tilfredstiller monopolkapitalens behov for ei "finare" sortering av arbeidskrafta. For elevane tyder dette hardare arbeidspress, gjennom auka konkuransesementalitet. Dette vil også gå ut over læraranes arbeidsstode. Knebling av politisk aktivitet har alltid vore ei kjennsgjerning ved Stord-gymnas. Kamp for full ytringsfridom på skulane må difor vera eit av krava vi fremjar l.MAI. Mangelen på løyvingar til nynorske l. rebøker gjer at landsungdomane veft diskriminerte. Dette er ikkje berre ei økonomisk, men ei kulturell undertrykkjing. Gi din støtte nynorskelevanes krav l. MAI! Ungdomen på Stord har for få fritidstilbod. Me ynskjer ein stad der me kan samlast i fritida, og der me kan møte kameratar. Ladette vera eit av krava på l.MAI:

STØTT UNGDOMENS KRAV PÅ l.MAI!

HAVE KAMP GJEV SIGER!!!